



Til Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø



17.03.2015

### **Svar på høringsbrev - Forslag til endring i "vedtekter for kommunale barnehagar i Lindås – endring".**

Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage har gått gjennom høringsbrevet vedkommande forslag til endring i vedtekter for kommunale barnehagar, der forslaget er endring av start på barnehageåret, skildra I §10 opningstider/barnehagerute, med framlegg om endring frå start medio august til start 01. august. Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage sender her kommentar til høyringa.

Vi vil innleatingsvis seie at ei eventuell endring av oppstart av barnehageåret ikkje er mogleg for oss foreldre for haust 2015, slik det er skissert i skule- og barnehageruta 2015-2016.

Vi grunngjев dette med å vise til §10 i vedtekten. Der står det at foreldre skal melde frå om sommarferie innan 15. april, barna skal sikrast 4 veker ferie kvart barnehageår og barnehageåret startar medio august. Det vil i praksis seie at alle ferielister for barn og personale er lagt før saken har vært oppe til handsaming i kommunestyret. Foreldra til alle førskulebarna (fødd -09) har da hatt moglegheit til å velje ferie fram til medio august. Desse foreldra vil då ikkje ha moglegheit til å endre ferien sin, slik at all ferie vert tatt ut før 31.07.15.

Ei eventuell endring av ferietid for barna i barnehagen måtte foreldra fått beskjed om i løpet av hausten.

### **Konsekvensar ved å endre barnehageoppstart frå medio august til 1.august.**

#### Ferieperiode for barn og personale.

Omtalt i vurderinga står det at

*Det at barnehageåret tek til 1.august vil ikkje få konsekvensar for ferieperioden i barnehagane. Den kan framleis vere frå medio juni til medio august. Barnehageborn kan ha ferie både i byrjinga, undervegs og mot slutten av barnehageåret, men skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret og tre av dei skal vere samla.*

*Ei mogleg ulempe ved å flytte byrjinga av barnehageåret til 1.august, kan vere at tilvenningsperioden for nye barnehageborn kjem parallelt med ferieavvikling. For andre kan det vere ei føremon å ta til i barnehagen på denne tida, då det gjerne er færre barn i barnehagen i denne perioden.*

Etter vår vurdering blir ferieavvikling parallelt med tilvenningsperioden ikkje bare ei mogleg ulempe, men ein stor konsekvens.

Bergen kommune har barnehageoppstart 1. august for både dei kommunale og private. Vi har derfor undersøkt med ein del barnehagar i Bergen kommune for å høre korleis det fungerer i praksis med ferieordning.



Vil først vise til vedtekter for Bergen Kommune sine barnehagar §9 Ferieordning som seier følgjande:

*Barnehagane kan holde stengt i inntil tre uker i løpet av juli månad. Informasjon om hvilke uker barnehagene kan være stengt skal gis i god tid, og ha vært drøftet med barnehagens samarbeidsorgan. I de barnehagene der styrer velger å holde barnehagen åpen vil alle foreldre/foresatte i løpet av våren bli bedt om å oppgi ferietiden for sitt barn. Barn skal ha minimum 3 ukers sommerferie innenfors skolens ferieuker slik de er fastsatt i gjeldende skolerute. Barn som skal begynne på skolen må ha avviklet 3 uker sommerferie innen 31. juli. Barnas 3 sommerferieuker er betalingsfrie.*

Dei kommunale og private barnehagane vi har hatt kontakt med i Bergen seier alle, minus ein barnehage, at dei stenger om sommaren. Argument dei kjem med er budsjett, dei har ikkje budsjett til å ta inn mange ferievikarar og at å stenge er den beste løysningen dei ser for seg for å klare og få avviklet ferien.

Ein av barnehagane fortel at tre kommunale barnehagar som lå geografisk ganske nært kvarandre prøvde over fleire år å samarbeide om sommaren. Sirkulerte på kva barnehage som var åpen. For mange av barnehagebarna føltes dette som ei utrygg løysing, å skulle vere ein plass dei ikkje var kjent, og mange av foreldre viste også misnøye med ordninga, sjølv om det kvar dag var personale frå alle tre barnehagane. Denne modellen har også vært prøvd ut i dei kommunale barnehagane i Lindås, der Alversund barnehage samarbeidet med Haugen barnehage. Det er dei same erfaringane som går igjen her. Desse tre kommunale barnehagane i Bergen gjekk derfor over til å stenge.

Den eine private barnehagen vi snakka med som ikkje stenger, fortel at dei ikkje har vågd å stenge pga. konkurranse frå nærliggande barnehage. Pga. ferieavvikling parallelt med tilvenning må dei prioritere dei ressursane dei har til å fokusere på dei nye, medan gamle barn som kom igjen frå ferie blir lite sett.

Foreldra er svært negative til at ein konsekvens kan verte sommarstengte barnehagar. Det vil ta vekk eit fleksibelt tilbod i forhold til ferieavvikling for foreldra. Foreldra ynskjer å kunna velje ferien sjølv. Mange jobbar også turnus eller andre årsakar, som gjer at dei ikkje har moglegheit til å få ferie dei vekene barnehagen er stengt. Siste barnehageår må dei ta ferie innan 31.07.

### Økonomi.

Dersom ein skal drive med tilvenning parallelt med ferieavvikling vil det krevje mye meir bruk av vikarar. Barnehagane må derfor få tilført meir pengar til vikarbruk.

### Kvalitetsperspektivet.

Samarbeidsutvalet vurderer det som därleg kvalitet med tilvenning parallelt med ferieavviklinga. Då er fleire avdelingane i den enkelte barnehage slått saman. Dei nye barna får mange ekstra barn dei må gjera seg kjende med, ettersom barn frå fleire avdelingar er samla. Dei får to tilvenningar, ei ved oppstart 1. august og ei i midten av august, når barn og personale er på plass igjen.

Rutinane i kvardagen er også annleis i denne perioden og vil endra seg igjen i midten av august når ferieavviklinga er ferdig. Dette gjer kvardagen mindre forutsigbar for dei små og tilvenninga vil vara lenger. Vi kan risikera at borna kun er kjend med ein av dei vaksne dei skal være på avdeling med frå midten av august.

Samarbeidet mellom foreldre og barnehagen vil få ein vanskeleg start, då det ikkje vil være mogleg for foreldra å treffa alle tilsette på avdelinga i den viktige tilvenningstida. Dette kan gjera noko med tilliten foreldra får til barnehagen. Og tilliten til foreldra er ekstra viktig når dei fleste nye barn er rundt 1 år gamle.

Personalalet vil i starten kanskje ikkje kjenna foreldra dei skal levera borna til på ettermiddag, då dei ikkje har møtt foreldra i tilvenninga.

## Kva seier forsking om små barn og tilknytning:

- I forhold til små barn og tilknytning, er det gjort mykje interessant forsking dei siste åra, noko barnehagen har teke hensyn til i tilvenningsperioden i barnehagen.
- Viser bl.a. til artikkel i Utdanningsforbundet sitt blad Første Steg, nr.1, 2012:
  - \* «De første to til fire ukene etter oppstart i barnehagen synes å være særlig stressende for små barn, dette viser studier som har målt barnas nivå av stresshormonet cortisol i løpet av barnehagedagen (Ahnert mfl 2004, Rauh, Ziegenhaim, Muller & Wijnroks 2000).»
  - \* «Vi vet i dag at små barn kan knytte seg til fleire nære voksenpersoner. De trenger å ha en av disse tilgjengelig for å føle seg trygge, særlig i situasjoner som oppleves som krevende for barnet (Smith 2002 ).»
  - \* «Når små barn blir atskilt fra foreldrene sine, vil de kunne reagere med en form for separasjonsangst fordi de mister den opplevelsen av trygghet som foreldrene representerer for barna (Bowlby 1982). I tillegg vil barn som er rundt ett år ha begrensede kognitive forutsetninger for å forstå hva det er som skjer når foreldrene forlater dem i barnehagen (Broberg mfl 2007).»
- Viser også til «Liten i barnehagen. Forskning, teori og praksis», skriven av May Britt Drugli(2014):
  - \* Trygg tilknytning krever
    - Nær, regelmessig og intensiv kontakt
    - Sensitivitet, tid, engasjement og kontinuitet fra den voksne
  - \* Stressende særlig for små barn og barn som er usikre/engstelige/utrygge – dette må tas hensyn til
  - \* Viktig med fleksibilitet i oppstarten
    - Barnehagen må se hvert barn an og samarbeide nært med foreldrene
    - Kontaktperson letter oppstart
      - Barnet må bli kjent med denne mens foreldrene er tilstede
      - Foreldrene må hjelpe til
  - \* Høyt stressnivå de første to ukene
    - Hverdagen bør være preget av rutiner for å skape forutsigbarhet
  - \* Et godt samarbeid mellom foreldre og barnehage fra starten virker i seg selv positivt på barns trivsel i barnehagen
  - \* Gode rutiner om morgenens viktig for barnet
    - Faste rutiner som utøves av alle i personalet + foreldrene
      - Små barn bør alltid møte på egen avdeling
      - Kontakt mellom barn og personal bør etableres mens foreldrene er der
  - \* Forventninger til hverandre bør avklares
    - Hva kreves av begge parter for et godt samarbeid?
    - Bør avklares tidlig – må snakke sammen
  - \* Mulighet for daglig kontakt

Dette viser at det ikkje er gunstig for nye barn å starte i ferieavviklingen.

### Nye barn.

Når det gjeld nye barn som skal begynne i barnehagen må dei fortsatt vente til rundt skulestart om barnehagestart blir i midten av august, som no. Samarbeidsutvalet ser at dette kan vere ei belastning det første året når barnet starter i barnehage. Men dei andre åra i barnehagen er det også viktig med kvalitet på tilbodet barna har. Foreldra ynskjer at borna skal møta vaksne som har tid til dei og deira behov, særleg i oppstarten og etter ferien. Om barnehagestart vert flytta til 1. august, vil det få konsekvensar for dei «gamle» borna i form av mindre vaksenkontakt, ettersom barnehagen er midt i tilvenningsperiode for dei nye borna, og fordi ein del av det faste personalet framleis er på ferie. Samarbeidsutvalet meiner at dei ynskjer heller ei eventuell belastning med å få plass medio august første året, mot god kvalitet på tilbodet i sommarvekene resten av barnehagetida.

**Samarbeidsutvalet meiner alle innspela over synleggjer at barnehagane bør fortsette å holde på medio august for barnehageoppstart.**

### «Dobbelfakturering».

Vidare i vurderinga i sakspapira høyringa står det at rådmannen får årlege innspel om at det blir ein dobbelbetaling for føresette i byrjinga av august og at det er ein av grunnene til at ein ønskjer å flytte starttidspunkt for oppstart til 1. august og at å byrja på SFO i byrjinga av august blir rekna av mange familiar som ein «mjuk skulestart». Erfaring frå barnehageverda går i motsatt retning. Barnehagen får årlege innspel frå foreldre til førskulebarna om at dei ønskjer å ha barnehageplassen til skulestart. Argument foreldra kjem med er at barnehagen er ei pedagogisk tilrettelagd verksemrd, mens SFO er eit fritidstilbod. Vaksentettleiken på SFO er lågare enn i barnehagen og foreldre ønskjer ikkje at barna deiras skal vere 8 -9 timer for dagen på SFO i opptil 3 veker før skulestart. Spesielt foreldra til dei barna som får tilbod om SFO i august på annan skule enn den barnet skal gå på er bekymra.

Vi foreslår derfor at barnehageåret går frem til skulestart, barna kan få tilbod om SFO plass frå skulestart og foreldra kan bli fakturert for SFO tilbodet frå skolestart, for å løyse problematikken rundt dobbelfakturering.

Har også avslutningsvis ein kommentar til sakspapira under overskrifta Bakgrunn, der det står at det i dag er ulik praksis mellom kommunale og private barnehagar der ein del private barnehagar byrjar barnehageåret 1. august. I Lindås kommune startar dei fleste private barnehagar rundt medio august slik som dei kommunale, så denne informasjonen er feilaktig. Det er to familebarnehagar og ein liten privat barnehage som startar 1. august, men dei har alle tre stengt i juli månad.

Med helsing

Samarbeidsutvalet i Juvikstolen barnehage

*Sølv Storsæter Bjørgum*  
v/leiar Sølv Storsæter Bjørgum